



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2023	Levekårsutvalet	PS	07.03.2023
32/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	25.04.2023
	Kommunestyret	PS	
54/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	30.05.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		23/225

SAMARBEIDSAVTALE FOR SYNS - OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE VESTLAND - KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP

Vedlegg:

SAPT Vestland samarbeidsavtale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for syns- og audiopedagogisk teneste Vestland.

Protokollmerknad frå formannskapet:

Vi ber om at dei bekymringane som Norges Blindeforbund Hordaland reiste på sitt årsmøte 23.04.2023 vert teke med i utarbeiding av ny samarbeidsavtale. Vi kan ikkje akseptere at tilbod til dei over 70 år vert forringa i nytt samarbeid. Vi meiner at Vaksdal kommune saman med dei andre kommunane i samarbeidet, bør kunne auke betalinga marginalt for å sikre at tilboden vert som i dag eller betre.

Vi ber om at protokollmerknaden føl med vedtaket vidare.

Levekårsutvalet - Sak 04/2023

LEV - Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for syns- og audiopedagogisk teneste Vestland.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 32/2023

FPØ - Behandling:

Usettingsforslaget vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tiltråding/Vedtak:

Saka utsettes til formannskapet 30.05. Formannskapet ber om at kommunestyret får ei orientering frå kommunen og Blindeforbundet i Hordaland 09.05.2023

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 54/2023

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - Tiltråding/Vedtak:

Vaksdal kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for syns- og audiopedagogisk teneste Vestland.

Vi ber om at dei bekymringane som Norges Blindeforbund Hordaland reiste på sitt årsmøte 23.04.2023 vert teke med i utarbeiding av ny samarbeidsavtale. Vi kan ikkje akseptere at tilbod til dei over 70 år vert forringa i nytt samarbeid. Vi meiner at Vaksdal kommune saman med dei andre kommunane i samarbeidet, bør kunne auke betalinga marginalt for å sikre at tilboden vert som i dag eller betre.

Vi ber om at protokollmerknaden føl med vedtaket vidare.

Saksopplysningar:

Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) har fungert som ei interkommunal teneste i Hordaland i mange år. Ved endring av kommunelova i 2020 er det nye krav til interkommunale samarbeid som alle deltagande kommunar må behandla i sine kommunestyre. Gjennom denne saken vert det lagt fram ein ny samarbeidsavtale i tråd med kommunelova kapittel 19 - Kommunalt oppgåvefellesskap.

Etter samanslåinga til Vestland fylke tok fylkeskommunen initiativ til at kommunane i Sogn og Fjordane skulle inviterast med i samarbeidet. Styret for SAPT har fulgt opp dette og førebudd ei utviding av SAPT, blant anna gjennom informasjonsmøter og dialog med kommunane i Sogn og Fjordane. Kommunedirektørutvalet i Vestland og KS Vestland har òg bidratt i prosessen og er positive til dette initiativet. Dette saksgrunnlaget er eit felles saksgrunnlag for tidligare og nye deltakarar i samarbeidet. Oppstart for nye deltakarkommunar vert planlagt frå 1. januar 2024.

Avtalen vert anbefalt behandla i alle kommunestyra innan medio april 2023. Styret må ha

tilbakemelding frå alle gamle og nye medlemmar innan juni 2023 for å rekke fristen gitt i kommunelova (som for dette samarbeidet er 1. oktober 2023), og for å kunne førebu ei utviding og igangsetting for nye kommunar innan 1. januar 2024.

Kort om Syns- og Audiopedagogisk Teneste

SAPT har i dag 12,8 årsverk og består av synspedagogar og audiopedagogar som gir råd, rettleiing og tenester knytt til syns- og hørselsfeltet til innbyggjarane i kommunar og fylkeskommune. Tenesta arbeider både på system- og individnivå. Barn og unge er prioritert.

SAPT er ei resultateining under byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett (BBSI) og inngår i Etat for spesialpedagogiske tjenester. Bergen kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette.

SAPT sine oppgåver er å hjelpe og støtte kommunane og fylkeskommunen i å oppfylle krava i barnehagelov, opplæringslov og lov om folketrygd. Tenesta skal bidra til å sikra at kommunane og fylkeskommunen har tenestetilbod på områder der desse ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse på feltet.

SAPT skal kartlegge, gje informasjon, råd og rettleiing til brukarar, føresette og nettverk innan syn og hørsel. Dette kan gis i heimen, i barnehage og skule/opplæringsstad eller på andre aktuelle arenaer, i form av pedagogiske, praktiske og tekniske tiltak.

SAPT deltar i etablering og oppbygging av nettverk rundt brukarar og aktuelle samarbeidspartnarar. SAPT tilbyr kurs for brukarar, føresette, tilsette i barnehage og skule, helsepersonell og andre samarbeidspartnarar/nettverk og hjelper/støtter PPT og OT/PPT med faglege råd og rettleiing. SAPT rettleiar brukarar til aktuelle og relevante hjelpetenester for vidare oppfølging.

I arbeidet med å revidera samarbeidsavtalen som skal behandlast, har styret vurdert korleis tenesta skal forhalde seg til den auka etterspurnaden frå eldre brukare. Styret har konkludert med å endra den øvre aldersgrensa til 70 år. Alternativt har styret vurdert det som nødvendig å auka kapasiteten i tenesta, noko som ville medført ein auka kostnad, noko styret ikkje ønska i denne omgang.

Det er òg gjort mindre justeringar i inntaksriterium, i tråd med vurderingar av kva brukarar som vil ha nytte av denne teenesta.

Stortingsmelding nr. 6, Tett på, vart i 2020 vedtatt i Stortinget. Meldinga beskriv endra oppgåver for Statped, og kommunane vil få fleire oppgåver i forhold til menneske med mellom anna syn- og/eller hørselstap. Statped skal konsentrera sine tenester om brukarane med dei mest omfattande behova. SAPT vil ivareta nokre av kommunane sine utfordringar på syns- og hørselsfeltet etter omorganiseringa av Statped.

I 2021 var brutto årskostnad for kommunane 21,74 kr per innbyggjar. Viss alle kommunane i Sogn og Fjordane vert med i samarbeidet, vil det bety ca fire nye årsverk.